

Til Bondebladet nr. 33, 2015



www.grontprodusentene.no

Fruktprognose pr 1. august

Tal som er henta inn frå fruktlager og omsetningsledd forsterkar prognosen frå 1. juli; kvantumsmessig ligg det an til å bli eit år under det som er normalt og sesongen startar seinare enn det som har vore normalt dei siste åra. Heile prognosen finn du under aktuelt på www.grontprodusentene.no.

Moreller

Kvantumsmessig ligg det an til ei avling omtrent som i 2013 og det betyr ca. 20 % mindre enn ifjor. Det spesielle er at størstedelen av avlinga dette året vil komma på marknaden i august månad. På biletet ser me Tomas Hesthamar, morellprodusent i Hardanger og medlem av styringsgruppa for moreller i GPS, som no er godt i gang med haustinga.



Plommer

Plommeprognozen viser at me kan rekne med vel 1 160 tonn plomme. Det er på nivå med ifjor, men mindre enn i 2013. Haustinga av Edda og Opal startar opp frå ca. 20. august. Tida kring midten av september, dvs. uke nr. 37, 38 og 39 ser ut til å bli størst kvantumsmessig.

Epler

Eplekvantumet begynner å nærme seg ned mot 6 000 tonn. Berre i åra 2011 og 2012 er det registrert lågare avling. Det blir meldt om ganske god avling frå Telemark. Ellers i landet er avlinga svært variabel og med størst svikt på Vestlandet. Dei første epla blir hausta frå ca. 20. august. Såkalla marknadsdekning vil ein først få når sorten Summerred kjem på marknaden, og det vil venteleg ikkje skje før i slutten av september.

bjorne@grontprodusentene.no